



Det skal settast opp ei breibandmast ved Vonheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Firmaet Direct Connect har avtale med Kvinnherad kommune om å ha stamnett for breiband i nokre spesielle område klart før årsskiftet. Eit av dei områda som vert dekkja av denne avtala er dei øvre delane av Uskedalen.

Direct Connect vil setta opp ei sendarmast ved forsamlingshuset Vonheim. Men det vil ikkje vera mogeleg å gje garden Friheim direkte breibandsamband herifrå og difor vil det bli sett opp et speil ved garden. Monteringa har enno ikkje starta.

Direct Connect er ein landsomfattande breibandsleverandør som har basen sin i Vestby i Akershus og som mellom anna er ekspert på radiobasert (trådløst) breiband. Dei har anten levert eller skal levera slike samband i 92 av kommunane i landet, opplyser dei.

Avtala med Kvinnherad gjeld utbygging av infrastruktur for offentleg breibandsnett i områda Utåker/Holmedal, Søllesvik, Uskedalen (Haugland-Musland-Friheim) og Årsand. Direct Connect er eier av nettet og er ansvarleg overfor kommunen for å oppfylle dei avtalte krav til ferdig utbygd nett samt tenester i dette. Kommunen har gjeve eit anleggstilskott på vel ein million til føremålet, men halvparten blir dekt av statlege midlar.

Det heiter også i avtala at nettet skal vera ope for ålmenn bruk der konkurrerande leverandørar skal kunne levera sine tenester til sluttbrukarar utan konkurransebegrensande eller konkurransevridande krav frå netteigaren.

På spørsmål frå uskedalen.no om nokon i øvre del av Uskedalen kan rekna med å få breiband til jul, svarar vakthavande i Direct Connect dette:

- Viss det er mogeleg å koble på nokre kundar før den tid, så gjer vi det.

Eg har ikkje eksakt oversyn over når arbeidet i Kvinnherad vil gå føre seg, men vi skal sjølvsagt innfri avtala med kommunen.

Av Ola Matti Mathisen